

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 29 – 30. aug 2022

Stad: Dr. Holms hotell, Geilo

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Pål Rørby, Hemsedal kommune

Petter Rukke, Hol kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Geir Olav Garthus, Nesbyen kommune

Merete H. Gandrud, Flå kommune

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Ole Johnny Stavn, Hol kommune

Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune

Hege Mørk, Gol kommune

Stephan Gundersen, Hemsedal kommune

Henrik Skovly, Nesbyen kommune

Odd Egil Stavn, Flå kommune

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar

Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar



SAK 54/22 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 3.6.2022**Vedtak:**

Protokollen 3.6.2022 er godkjent.

SAK 55/22 KVA AMBISJONSNIVÅ SKAL REGIONRÅDET HA?

Det vart drøfta kva rolle og posisjon Regionrådet skal ha i det regionale samarbeidet, kva ambisjonsnivå ein skal legge seg på og om ein skal endre nokre av dei prioriteringane og oppgåvene som ligg der i dag. I tillegg vart det drøfta korleis bemanninga skal vera frå 2023

Det vart ikkje fatta vedtak, men det var semje om at Regionrådet skal:

- Vera ein leiande, tydeleg og synleg kraft for regional utvikling
- Fortsatt bidra til samarbeid mellom kommunar, jobbe for utvikling i regionen og ivareta Hallingdal sine interesser i overfor fylke, stat og andre
- Oppretthalde eller styrke ambisjonane i strategisk plan.

Det var også semje om at rådet må jobbe meir strategisk, og at det er behov for ein fast medarbeidar i tillegg til dagleg leiar. Dette må drøftast vidare i neste møte då budsjettet blir lagt fram og handlingsplanen blir drøfta.

SAK 56/22 INNSPEL TIL RULLERING AV HANDLINGSPLAN TIL STRATEGISK PLAN

Utsett til neste møte

SAK 57/22 ENDRING FRÅ REGIONRÅD TIL INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD. UTKAST TIL SAMARBEIDSAVTALE IPR OG VILJESERKLÆRING.

Saka vart drøfta og det kom fram nokre endringsforslag som blir innarbeid i ei sak til neste møte i regionrådet

SAK 58/22 PROSJEKTPLAN CAMPUS HALLINGDAL**VEDTAK:**

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek prosjektplan datert 22.8.2022
2. Prosjektansvarlig (PA) blir Heidi Granli
3. Regionrådet for Hallingdal foreslår at styringsgruppe er representert ved prosjekteigarar, der Regionrådet for Hallingdal og USN har 2 representantar kvar og Gol kommune har ein representant. Det blir opna for at Rådmannsutvalet stiller med ein representant. Dette blir avgjort i løpet av veke 36.
4. Regionrådet for Hallingdal sine representantar i styringsgruppe er:
 - Pål Rørby
 - Jan Olav Helling
 - (Ev ein rådmannsrepresentant)

Utanfor sakslista

Regionrådet deltok på LVK sitt webinar som omhandla inntektssystemutvalget si innstilling

SAK 59/22 SAMANSLÅING NÆRINGSHAGE OG ETABLERERSENTER

Stian Bogar og Trond Ask-Henriksen orienterte om prosessen

Vedtak:

1. Regionrådet vedtek at det skal jobbast vidare med ein prosess som tek sikte på ein ei samanslåing av Hallingdal næringshage og Hallingdal etablerersenter frå 2023.
2. Saka skal drøftast i fagrådet, styret for næringshagen og rådmannsutvalet, før saka kjem attende til Regionrådet.

SAK 60/22 SATS PÅ HALLINGDAL – RULLERING AV HANDLINGSPLAN.

Innspel frå Regionrådet vart utsett til neste møte

**SAK 61/22 STATUS SAMFERDSELSUTVAL.
SKAL REGIONRÅDET SENDE UTTALE OM TOGAVGANGAR PÅ BERGENSBANEN**

Knut Arne orienterte om status for arbeidet i samferdselsutvalget

Vedtak:

Samferdselsutvalget sender ei uttale på dette med reduserte avgangar til relevante partar inkl. pressa.

SAK 62/22 ORIENTERING FRÅ HALLINGDØLEN

Lillian Holden orienterte om:

- Kva rolle ønskjer HD å ha som samfunnsaktør
- Korleis få til eit endå betra samarbeid mellom HD og det offentlege
- Korleis skal me vinkle sakene - Kva vil lesarane ha – statistikk

SAK 63/22 HANDLINGSPLAN FOR MANGFALD OG INKLUDERING I HALLINGDAL

Regionrådet drøfta om ein skal utarbeide ein handlingsplan for mangfald og inkludering i Hallingdal. Det vart drøfta om planen bør omfatte ei breiare gruppe enn skeive åleine eller om andre utsette grupper, bør inkluderast pga. kjønn, etnisitet, funksjonsnedsetjing o.a.

Vedtak:

Rådmennene tek ein runde i kvar sine kommunar og kartlegg kva som finst av planar allereie, og vurderer om dette er ei sak å arbeide meir vidare med, sett frå kommunal ståstad. Ordførarane tek kontakt med ungdomsråd, RMF, skeive o.a. for å høyre kva tankar folk har om ein slik regional plan.

SAK 64/22 EVENTUELT

- Me drøfta kva rolle Hallingdal i etableringa av nye Buskerud
- Førebuing til møte med Ringerike 31. aug.
- Knut Arne orienterte om søknad breiband
- Knut Arne orienterte om Ringeriksbane
- Førebuing til møte med Valdres den 12-13 sept
- Drøfting av interkommunal klimakoordinator

Hallingdal, 7. sept 2022

Jan Olav Helling
Dagleg leiar